



Kjem det snart busslommar på Ljosnes? Grunneigarane er i alle fall positive. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grunneigarane har heile tida vore positive til oppretting av busslommar på Ljosnes. Viss ein utifrå korrespondanse om saka kan ha fått eit anna inntrykk, er det feil, preiserer grunneigarane Svein og Vebjørn Bøyum.**

Dei har sagt seg viljuge til å avgje den grunn som skal til og er glade for at Erlend Moen har arbeidd så iherdig med denne viktige saka.

- Kva har så skjedd mellom dykk og kommunen?  
 - Vi har ikkje hatt nokon direkte kontakt med kommunen før sist sommar. Då kom ein kar frå teknisk etat til oss og vi sa oss då viljuge til å avstå naudsynt grunn.  
 Men vi bad om å få ein mur på nedsida om vegen i staden for ein skråning, som vil bety eit større inngrep og problem med slåinga.  
 Vi hadde også eitpar mindre ynskje som galdt plasseringa av busslommene.

- Og kva har skjedd sidan?  
 - Kommunens mann lova å sjå nærare på desse sakene, men sidan har vi ikkje høyrte noko frå kommunen. Difor blir det feil å antyda at det ikkje har lukkast kommunen å koma til einigheit med grunneigar.

Det er heller ikkje rett at kommunen har stoppa saka. Etter det eg kjenner til har kommunen gått vidare med den, seier Svein Bøyum.

Av Ola Matti Mathisen